



*Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.*

*For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".*

## Helsesjukepleiar - 70% fast stilling - intern utlysing

### Stillingsinformasjon

Det er ledig 70% fast stilling som helsesjukepleiar. Kommunen har p.t. 90% stilling på engasjement som ledd i statleg tilskot til helsestasjon og skulehelse. Av desse gjerast 70% om til fast stilling.

Dersom ein vil søke på deler av stillinga må det opplysast om i søknaden.

### Arbeidsoppgåver

Arbeidsoppgåvene er klinisk arbeid ved Frekhaug helsestasjon og i skulehelsetenesta i Meland. Helsestasjonen er p.t. organisert i helseavdelinga med kommuneoverlege/helsesjef som leiar, men organiseringa vert endra frå 01.01.20 i samband med etablering av ny kommune. Den som vert tilsett må vere førebudd på moglege endring av arbeidsoppgåver og oppmøtestad.

### Kvalifikasjonskrav

Autorisert helsesjukepleiar.

Gode norskkunnskaper.

Søkjers bør ha førarkort klasse B, og kunne disponere eigen bil.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

*Søknadsfrist* 07.11.2019

*Utløst dato* 22.10.2019

*Vårref*

206/19

### Kontaktperson

Tove Wiig Aadland, Leiande helsesjukepleiar, tlf: 56171105, mobil: 41452504, tove.w.aadland@meland.kommune.no

Tord A Lappen Moltumyr, Helsesjef, tord.moltumyr@meland.kommune.no